



Til alle søkjarar

Dato: 17.12.2014
Vår ref.: 2014/323-433
Saksbehandlar: anethom
Dykkar ref.:

Stønad til ålmenne kulturføremål hausten 2014

Brev sendt ut til kvar søkjar – sjå arkivnr 2014/1933.

Arkivnr: 2014/323-429

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland, Marianne Ose Askvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	153/14	18.11.2014

Stønad til ålmenne kulturføremål hausten 2014**Samandrag**

Tilskot til ålmenne kulturføremål er open for søkjarar både frå frivillige lag og organisasjonar, profesjonelle institusjonar og einskilde personar. Det er to søknadsfristar i året, og det er hausttildeling som vert lagt fram i denne saka.

Det er ved søknadsfrist 15. september kome inn 90 søknader som alle er handsama i denne saka. Det er 1 015 000 kroner til fordeling under Ålmenne kulturføremål i 2014, og ved vartildeling vart det tildelt 684 000 kroner gjennom denne ordninga. Det står såleis att 321 000 kroner til fordeling.

Samla søknadssum var om lag 2,8 millionar kroner. Innan denne ordninga ligg stønadssummen oftast mellom 8000 og 30 000 kroner.

Den store søknadsmengda viser eit stort behov og høg aktivitet, og det har vore naudsynt å prioritere strengt. I denne ordninga er der stor breidde i type søknader og søkjarar. Det er søknader frå alt frå små frivillige organisasjonar, enkeltkunstnarar til store profesjonelle institusjonar. Det er utfordrande å finne parameter for å måle søkjarane i denne mangfaldige søknadsmengda opp mot kvarandre. I tillegg til dei vedtekne retningslinene er det i vurderinga av søknadene lagt vekt på desse momenta (i uprioritert rekkefølge):

- *I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket*
- *I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket*
- *I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt*
- *Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers*
- *Dokumentarisk verdi*
- *Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad*
- *Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet*
- *Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger*

I vedlagt liste over søknader er det gitt korte kommentarar til kvar søkjar. Dette gir ein indikasjon på korleis den enkelte søknad er vurdert, men er berre ein del av ei meir heilskapleg vurdering av søknaden opp mot retningsliner og vurderingspunkta som er sitert over.

I gjeldande fylkesplan er det sett opp som strategi at Hordaland fylkeskommune m.a. skal stimulere til kulturell nyskaping og etablere og styrkje nettverk og infrastruktur med kommunane og kulturaktørane. Difor vert nyskapande tiltak som skapar større breidde i kulturlivet og som kan vere ein pilot og ha overføringsverdi til andre prioritert. Det er viktig at ein med ordninga Ålmenne kulturføremål kan vere med på å realisere einskildhendingar og prosjekt som ligg utanfor den faste, årlege drifta og som er store løft for

arrangører.

Forslag til vedtak

Kultur og ressursutvalet fordeler over budsjettpost 10.400.740 Stønads etter vedtak, 321 000 kroner slik:

	Søkjar	Søknads-sum frå HFK	Tilråding
1	Alversund kammerkor	20 000	8 000
2	Anette Thorsheim	20 000	Avslag
3	Anette Thorsheim	15 000	Avslag
4	Anja Kløve / Flimmer film	149 030	Avslag
5	Apagon DA	30 000	10 000
6	Austevoll Kunstforening	50 000	Avslag
7	AVGARDE	20 000	10 000
8	Bal Musette ANS	15 000	Avslag
9	BEK - Bergen senter for elektronisk kunst / Marieke Verbiesen	30 000	Avslag
10	Bergen Internasjonale Kultursenter	18 000	Avslag
11	Bergen Internasjonale Kultursenter	50 000	Avslag
12	Bildende Kunstneres Forening Hordaland	20 000	10 000
13	Blastfest 2015 v/ Blastphemy production AS	50 000	17 000
14	Bogevik Sølvi Ann	10 000	Avslag
15	Bymuseet i Bergen	20 000	10 000
16	Collegiùm Músicûms kor og orkester	100 000	Avslag
17	Collegiùm Músicûms kor og orkester	50 000	20 000
18	D' KOR	20 000	Avslag
19	Danse- og teatersentrum	30 000	10 000
20	divisi	30 000	Avslag
21	Doppler.im	10 000	Avslag
22	Eikanger-Bjørsvik	28 000	Avslag
23	esc ungdomskompani v/ Camilla Skrede Johannessen	50 000	17 000
24	Fabrikken	30 000	Avslag
25	faCit	39 000	Avslag
26	FK Fyllingsdalen	30 000	Avslag
27	FN-sambandet vest	12 000	Avslag
28	Folkeakademiet Hordaland	9 500	7 000
29	Foreningen Georg Johannesen-seminaret v/ Amund Børdahl	20 000	10 000
30	Fusa kommune	18 000	Avslag
31	Fusa kommune - Nettverk kultur for eldre	10 000	Avslag
32	Goosen Geir	30 000	15 000
33	Hardanger Big Band	30 000	Avslag
34	Hardanger Big Band	20 000	Avslag
35	Hardanger og Voss museum	20 000	Avslag

36	Historikarverksemda	30 000	10 000
37	Hordaland Sogelag	12 000	Avslag
38	Jondal Ungdomslag	25 000	Avslag
39	Jörg Berning	5 000	Avslag
40	kerstin juhlin	21 398	Avslag
41	Ketil Kinden Endresen	30 000	Avslag
42	Kleppe Musikklag	30 000	Avslag
43	Klubb Kavalér v/ Bergen Internasjonale Kultursenter	30 000	Avslag
44	Kompani Krapp	30 000	Avslag
45	Kultureininga, Os kommune	14 830	Avslag
46	Kulturkameleonen AS	6 000	Avslag
47	Kunst- og designhøgskolen i Bergen	25 000	Avslag
48	Kvam herad	70 000	30 000
49	Lene Løtvedt AS	10 000	Avslag
50	Lys levende Adele	30 000	Avslag
51	Masfjorden kommune	10 000	Avslag
52	MASFJORDEN KOMMUNE	12 000	Avslag
53	Morten Espeland	24 000	Avslag
54	Museologisk lunsj ved Sigrid Lien	25 000	10 000
55	Museumssenteret i Hordaland - Bevaringstenstene	30 000	10 000
56	Norwegian Crafts	40 000	15 000
57	Oddvar Haugland co/ Madam Felle AS	100 000	Avslag
58	Of and With AS	25 000	Avslag
59	Piksel Produksjoner	80 000	Avslag
60	Poesidigg	20 000	10 000
61	Raciti Marcello	20 000	Avslag
62	Radøy kunstsenter v. Roger Gjerstad	20 000	10 000
63	Rykkje, Ernst	40 000	Avslag
64	Sangkoret KORFUH	30 000	Avslag
65	Sapfonia	12 000	Avslag
66	Senioruniversitetet Åsane /Åsane Seniorteater	7 300	Avslag
67	Siimbarashe Norman Fulukia(Simba Dance Ensemble)	45 000	Avslag
68	Skrivekunstakademiet i Hordaland	10 000	9 000
69	Solheimsdalen Grendelag	12 000	Avslag
70	Stiftelsen Amalie Skrams hus	50 000	18 000
71	Stiftelsen Fargespill	50 000	Avslag
72	Stiftinga Ekstreme Voss	50 000	Avslag
73	Stiftinga Håkon den Gode -Fitjar	100 000	Avslag
74	Stig van Eijk	30 000	Avslag
75	Storaas/ Randi	30 000	15 000
76	Stordkoret	10 000	Avslag
77	Studio Nordhordland	39 700	Avslag

78	Sund folkebibliotek	30 000	Avslag
79	Sunnhordland museum	50 000	Avslag
80	Sunnhordland museum	70 000	Avslag
81	Szefer Karlsen, Anne	20 000	Avslag
82	teaterkompaniet KRABATENE	50 000	Avslag
83	Tor Johan Bøen	16 000	10 000
84	TV BRA co/ Nordnes Verksteder	30 000	10 000
85	Vestlandsk sommarsymfoni	20 000	8 000
86	Vestnorsk jazzsenter	60 000	Avslag
87	Vestnorsk jazzsenter	40 000	20 000
88	Volve Vokal - Ensemble for kvinnestemmer	10 000	Avslag
89	Voss Storband	34 000	Avslag
90	Wallace/Karoline	10 000	Avslag
		2 834 758	321 000

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 18.11.2014

Svein Halleraker sette fram slikt forslag på vegner av H, Frp og V:

«Foreslår følgende endring:

73. Håkon den gode – viktig regionalt tiltak – 25 000

75. Randi Storaas – prioriteres noe lavere – 10 000

56. Norwegian Craft – viktig men prioriteras noe lavere – 10 000

62. Radøy Kunstsenter - ikkje rom før tildeling – 0

48. Kvam herad – viktig men pga prioritering justerast beløpet noko ned – 25 000»

Røysting

Halleraker sitt forslag vart vedteke med 7 røyster (H, Frp, V) mot 6 røyster (Ap, MDG, KrF) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Vedtak

Kultur og ressursutvalet fordeler over budsjettpost 10.400.740 Stønad etter vedtak, 321 000 kroner slik:

	Søkjjar	Søknads-sum frå HFK	Tilråding
1	Alversund kammerkor	20 000	8 000
2	Anette Thorsheim	20 000	Avslag
3	Anette Thorsheim	15 000	Avslag
4	Anja Kløve / Flimmer film	149 030	Avslag
5	Apagon DA	30 000	10 000
6	Austevoll Kunstforening	50 000	Avslag
7	AVGARDE	20 000	10 000

8	Bal Musette ANS	15 000	Avslag
9	BEK - Bergen senter for elektronisk kunst / Marieke Verbiesen	30 000	Avslag
10	Bergen Internasjonale Kultursenter	18 000	Avslag
11	Bergen Internasjonale Kultursenter	50 000	Avslag
12	Bildende Kunstneres Forening Hordaland	20 000	10 000
13	Blastfest 2015 v/ Blastphemy production AS	50 000	17 000
14	Bogevik Sølvi Ann	10 000	Avslag
15	Bymuseet i Bergen	20 000	10 000
16	Collegiùm Mûsicûms kor og orkester	100 000	Avslag
17	Collegiùm Mûsicûms kor og orkester	50 000	20 000
18	D`KOR	20 000	Avslag
19	Danse- og teatersentrum	30 000	10 000
20	divisi	30 000	Avslag
21	Doppler.im	10 000	Avslag
22	Eikanger-Bjørsvik	28 000	Avslag
23	esc ungdomskompani v/ Camilla Skrede Johannessen	50 000	17 000
24	Fabrikken	30 000	Avslag
25	faCit	39 000	Avslag
26	FK Fyllingsdalen	30 000	Avslag
27	FN-sambandet vest	12 000	Avslag
28	Folkeakademiet Hordaland	9 500	7 000
29	Foreningen Georg Johannesen-seminaret v/ Amund Børdahl	20 000	10 000
30	Fusa kommune	18 000	Avslag
31	Fusa kommune - Nettverk kultur for eldre	10 000	Avslag
32	Goosen Geir	30 000	15 000
33	Hardanger Big Band	30 000	Avslag
34	Hardanger Big Band	20 000	Avslag
35	Hardanger og Voss museum	20 000	Avslag
36	Historikarverksemda	30 000	10 000
37	Hordaland Sogelag	12 000	Avslag
38	Jondal Ungdomslag	25 000	Avslag
39	Jörg Berning	5 000	Avslag
40	kerstin juhlin	21 398	Avslag
41	Ketil Kinden Endresen	30 000	Avslag
42	Kleppe Musikklag	30 000	Avslag
43	Klubb Kavalér v/ Bergen Internasjonale Kultursenter	30 000	Avslag
44	Kompani Krapp	30 000	Avslag
45	Kultureininga, Os kommune	14 830	Avslag
46	Kulturkameleon AS	6 000	Avslag
47	Kunst- og designhøgskolen i Bergen	25 000	Avslag
48	Kvam herad	70 000	25 000

49	Lene Løtvedt AS	10 000	Avslag
50	Lys levende Adele	30 000	Avslag
51	Masfjorden kommune	10 000	Avslag
52	MASFJORDEN KOMMUNE	12 000	Avslag
53	Morten Espeland	24 000	Avslag
54	Museologisk lunsj ved Sigrid Lien	25 000	10 000
55	Museumssenteret i Hordaland - Bevaringstenene	30 000	10 000
56	Norwegian Crafts	40 000	10 000
57	Oddvar Haugland co/ Madam Felle AS	100 000	Avslag
58	Of and With AS	25 000	Avslag
59	Piksel Produksjoner	80 000	Avslag
60	Poesidigg	20 000	10 000
61	Raciti Marcello	20 000	Avslag
62	Radøy kunstsenter v. Roger Gjerstad	20 000	Avslag
63	Rykkje, Ernst	40 000	Avslag
64	Sangkoret KORFUH	30 000	Avslag
65	Sapfonia	12 000	Avslag
66	Senioruniversitetet Åsane /Åsane Seniorteater	7 300	Avslag
67	Siimbarashe Norman Fulukia(Simba Dance Ensemble)	45 000	Avslag
68	Skrivekunstakademiet i Hordaland	10 000	9 000
69	Solheimsdalen Grendelag	12 000	Avslag
70	Stiftelsen Amalie Skrams hus	50 000	18 000
71	Stiftelsen Fargespill	50 000	Avslag
72	Stiftinga Ekstreme Voss	50 000	Avslag
73	Stiftinga Håkon den Gode -Fitjar	100 000	25 000
74	Stig van Eijk	30 000	Avslag
75	Storaas/ Randi	30 000	10 000
76	Stordkoret	10 000	Avslag
77	Studio Nordhordland	39 700	Avslag
78	Sund folkebibliotek	30 000	Avslag
79	Sunnhordland museum	50 000	Avslag
80	Sunnhordland museum	70 000	Avslag
81	Szefer Karlsen, Anne	20 000	Avslag
82	teaterkompaniet KRABATENE	50 000	Avslag
83	Tor Johan Bøen	16 000	10 000
84	TV BRA co/ Nordnes Verksteder	30 000	10 000
85	Vestlandsk sommarsymfoni	20 000	8 000
86	Vestnorsk jazzsenter	60 000	Avslag
87	Vestnorsk jazzsenter	40 000	20 000
88	Volve Vokal - Ensemble for kvinnestemmer	10 000	Avslag
89	Voss Storband	34 000	Avslag
90	Wallace/Karoline	10 000	Avslag

		2 834 758	321 000
--	--	-----------	---------

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.10.2014

For hausten 2014 er det i ordninga Ålmenne kulturføremål komen inn 90 søknader med ein total søknadssum på rundt 2,8 millionar kroner. Summen å fordela er kr 1.015.000 for året. 694 000 kroner vart fordelt etter søknadsfrist 1.mars. Det står såleis att 321 000 kroner å fordele no etter søknadsfristen 15.september. Fylkesrådmannen tilrådde å tildele ein større sum ved vartildelinga enn det står att til fordeling etter fristen 15.september då erfaringa tilseier at søknadsmengda på våren er tydeleg større enn om hausten. Dette har m.a. å gjere med at mange store arrangement og festivalar går føre seg i sommarmånadane. Det er likevel komen inn eit stort antal søknader også denne hausten, så prioriteringa har vore særst streng. Fleire søkjarar som tidlegare har fått løyvingar i denne ordninga har det ikkje vore rom til å prioritere i denne omgang, sjølv om dei fell innafør ordninga og oppfyller i prinsippet tilstrekkeleg fleire av kriteria. Fylkesrådmannen er medviten på at denne søknadsordninga er ei prosjektilskotsordninga og ikkje skal bindast opp av forventningar om årvisse tildelingar.

Mange av tiltaka vert altså diverre prioritert bort grunna den avgrensa tilskotssummen og høgt søkjartal, mens andre manglar den tilstrekkeleg regionale verdien eller fell utanfor eit eller fleire av dei vedtekte kriteria i retningslinene. Kultur- og ressursutvalet har tidlegare i år fått ei orientering om retningsliner for tildeling av denne søknadsordninga og vedtok i sak 5/14 retningslinene slik:

"Retningsliner for Stønad til ålmenne kulturføremål og Stønad til tiltak for barn og unge (aktivitetsstønad) Vedtekte retningsliner:

1. *Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar. Løyvingane skal difor gå til tiltak/prosjekt i Hordaland som er av ein slik art at det har regional interesse og/eller nedslagsfelt. Dette kan t.d. vere pilotprosjekt som vil ha overføringsverdi til andre.*

2. *Stønaden skal gå til prosjekt og tiltak.*

3. *Det vert ikkje gjeve tilskot til følgjande:*

a) *ordinær drift*

b) *investeringar i bygg og anlegg*

c) *utanlandsreiser*

Unntak kan vere deltaking i internasjonale tevlingar, m.m. etter kvalifisering eller samarbeidsprosjekt knytt til våre samarbeidsregionar.

d) *CD-produksjonar og litteratur*

Unntak kan vere når målet er dokumentasjon med kulturhistorisk verdi.

e) *tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale institusjonar - t.d. vidaregåande skular*

f) *humanitære tiltak i regi av interessepolitiske organisasjonar utan kulturfagleg innhald/kulturelt føremål*

g) *aktivitetar i regi barne- og ungdomsorganisasjonar som får driftstilskot frå HFK. Unntak her kan vere fellestiltak mellom fleire organisasjonar*

Det er også opplyst om desse prioriteringspunkta i retningslinene/på nettsidene til HFK.

Vurdering av søknader:

Det vert lagt vekt på desse momenta (i uprioritert rekkefølge):

- *I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket*
- *I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket*
- *I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt*
- *Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers*
- *Dokumentarisk verdi*
- *Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad*
- *Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet*
- *Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger*

Dei tiltaka som er tilrådd støtte i denne søknadsrunda kjem høgt opp på skalaen på så og seie alle dei omtalte prioriteringspunkta samla. Det har i handsaminga vore lagt vekt på rolla fylkeskommunen har som

regional utviklar. Gjeldande fylkesplan har vedteke at Hordaland fylkeskommune m.a. skal stimulere til kulturell nyskaping og etablere og styrkje nettverk og infrastruktur med kommunane og kulturaktørane. Dette er naudsynt for å få eit mangfaldig, varig og godt kulturliv rundt i heile fylket. Vi har difor også prioritert nye tiltak som skapar større breidde i kulturlivet og som kan vere ein pilot og kan hende inspirere andre. Det er viktig at ein med ordninga Ålmenne kulturføremål kan vere med på å realisere einskildhendingar og prosjekt som ligg utanfor den faste, årlege drifta og som er store løft for arrangørar.

Det dreiar seg her om små summar som kan få stor effekt i kulturarbeidet. Det er stort spenn når det gjeld søknadssummar og storleik på prosjekta. Det kjem søknader frå alt frå små, frivillige lag til store, profesjonelle institusjonar. Som opplyst i informasjon til søkjar har ein i hovudsak halde seg til ei vurdering om at dersom ein ikkje kan innfri minimum 1/3 av søknadssummen så avslår vi søknaden. Dette for å ta søkjaren sitt budsjett på alvor. Dei fleste søkjarane legg også fram svært nøkterne budsjett. I og med denne store søkjarmengda med lite midlar å tildele har ein diverre i hovudsak måtte tilrå innstillingar som ligg betydeleg lågare enn søknadssum. Den delvise innvilginga er ikkje grunngjeve i kommentarane til enkeltsøknadane då dette er eit gjennomgåande tilhøve.

Handsaming av søknadane i forhold til forvaltningslova

Det er tilrådd å bruke elektronisk søknadsskjema (+ evt. vedlegg) i denne ordninga. Søknadene spenner difor frå sparsamt utfylte elektroniske søknadsskjema til gjennomarbeidde søknader med fleire vedlegg.

Det har blitt innskjerpingar i korleis søknadane handsamast i forhold til forvaltningslova. Det er under arbeid ein større gjennomgang av alle tilskotsordningane i forhold til dette. Søknadane vert handsama under den ordninga dei er søkt på, om ikkje anna har vore avtalt gjennom dialog med søkjar. Opne søknadar som ikkje er retta mot ei spesifikk søknadsordning vil i hovudsak verte lagt fram til politisk handsaming i samlesak knytt til posten «til rådvelde for Kultur- og ressursutvalet» i Kultur- og ressursutvalet sitt desembermøte. Fylkesrådmannen kan vurdere enkelte saker som naudsynte å legge fram ved andre tidspunkt og meir omfattande i form av enkeltsaker, men her er terskelen høg for å gjere dette.

Den ovannemnde innskjerpinga har ført til at det i Ålmenne kulturføremål ligg føre ein del søknader der målgruppa klart er barn- og unge. Ordninga Tilskot til kulturtiltak for barn og unge(aktivitetsstønad) er ei parallellordning til Ålmenne kulturføremål, og dei deler same retningslinjer. Det er ikkje noko som tilseier at ein ikkje kan gje støtte til tiltak til aktivitetar for barn og unge også innan ordninga Ålmenne kulturføremål, men her er nok terskelen for å få positiv tilråding noko høgare grunna større konkurranse. Tilrådingar til Tilskot til kulturtiltak for barn og unge(aktivitetsstønad) vert lagt fram til handsaming i dette same møte. Det er opplyst om ordninga for barn og unge under informasjonen om Ålmenne kulturføremål som ligg på hordaland.no.

Søknadskategoriar og trendar

Søknadene og tilrådd løyving fordeler seg i ulike tema, kategoriar og sjangrar. Det er utarbeidd ein oversikt over desse, men denne inndelinga må berre takast som ein indikator. Fleire tiltak plasserast i fleire av kategoriane:

Musikk: 42 søknader

Kulturarvsprosjekt: 18 søknader

Scenekunst/-produksjonar: 16 søknader

Visuell kunst /samtidskunst/design: 16 søknader

Skjønnlitteratur: 9 søknader

Film: 7 søknader

Andre tiltak: 11 søknader

Der er komne inn ein del søknader frå musea. Ein del av desse er tilrådd støtte då det er gode tiltak og prosjekt med regional verdi og fleire samarbeidspartnarar, som fylkesrådmannen vurderer å ligge utanfor den vanlege museumsdrifta dei får årlege tilskot til over fylkeskommunen sitt kulturbudsjett. No då ny museumsplan er vedteke og sett i verk vil ein vidare oppmode til at musea sine ekstraordinære prosjekt også vert lyfta opp og prioritert i samanheng med driftssøknadane. Dette for at prosjekta skal verte sett inn ein meir heilskapleg samanheng og prioritering.

Det er også ved denne søknadsfristen komen inn nokon søknader som er knytt til Grunnlovsjubileet i år. Der er ikkje sett av eller øymerka midlar til dette. Vi ser på at arrangement og prosjekt knytt til då har ein positiv plussfaktor, om dei elles innfrir krava som er sett som retningslinjer og i vurderingskriteria for ordninga. Fleire prosjekt og arrangement knytt til Grunnlovsjubileet har fått støtte ved tidlegare tildelingar.

Det kjem ved kvar søknadsfrist inn ein del søknader om støtte til Cd-innspelningar. Hordaland fylkeskommune har vanlegvis avslått søknad om tilskot til plateinnspelningar, jmf. Retningsline 3d. Musikkvideoar har ein heller ikkje tilrådd støtte som ei forlenging av denne retningslina. Likeeins har ein vore restriktiv overfor større forlag som har bede om tilskot til prenting av bøker og til produksjon av film. Unntak vert berre gjort dersom det er tale om viktig kulturhistorisk dokumentasjon. I hovudsak gir fylkeskommunen si filmstøtte gjennom Vestnorsk filmsenter.

Retningsline 3b stadfester at denne ordninga ikkje gir løyvingar til investeringar i bygg i anlegg. Dette punktet vert også fortolka til å gjelde investering i utstyr til scenebruk ol.

I følgje retningslinene har fylkesrådmannen avslått søknader til utanlandsprosjekt jmf. retningsline 3 c. Unntaket er – i tråd med retningslinene – tilskot knytt til våre vedtekne samarbeidsregionar. Ein ser likevel at ein kan hende bør sjå på denne retningslina ved evt. revidering av ordninga. Spesielt det profesjonelle kunst- og kulturfeltet har internasjonalt samarbeid som ein naturleg del av sitt virke og ein bør sjå om og evt. på korleis fylkeskommunen kan kome desse behova i møte.

Under denne ordninga kjem det inn mange søknader om stønad til diverse samtidskunstprosjekt. Mange av desse kjem frå einskildkunstnarar/kunstnargrupper, og det kan vere vanskeleg å skilje og prioritere desse. Det er også vanskeleg å forutseie i kva grad slike prosjekt og produksjonar har verdi for kulturlivet i større delar av fylket. Ein ser også eit behov for ei meir reint kunstnarleg vurdering av søknadane, dvs. det kvalitative nivå på prosjektet og kunstnarane si gjennomføringsevne og realisme i prosjektet slik det er langt fram. Det er vanskeleg å innrette dette på ein tilfredsstillande måte når denne ordninga er innretta så breitt som ho er. Dette vil ein sjå på nærare i den regionale kulturplanen. I denne søknadsrunda har ein i hovudsak har vald å tilrå støtte til fellesprosjekt av regional tyding.

Det er denne runda også tilrådd avslag til ein del mindre, regionale musikk- og/eller teaterturnéar som nok ville ha fått tilskot om dei økonomiske ramane hadde vore noko vidare. Dette er positive tiltak for lokalmiljøa rundt om i fylket, men i denne runda er det dei som mest heilskapleg oppfyller settet med kriterier som får støtte. Utviklingstanken har vore sterk i utveljinga, noko som vil seie at m.a. i kva grad er tiltaket nyskapande og om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers har vore viktig. Det har slik også vore prioritert sjangrar og kunstformar som ikkje vanlegvis er særleg utbreidd.

Det kjem inn ein del søknader til årvisse/jamne tiltak. Nokre av desse har også fått tildelingar. Ein kjem i ein del av desse tilfella opp i problemstillinga at det tenderar til driftsstønad. Ein del av desse kunne i prinsippet fått årleg driftsstøtte over fylkeskommunen sitt budsjett om ramane for dette hadde vore vidare. Dei søker i Ålmenne kulturformål oftast om relativt små summar. Det er viktig at desse prosjektmidlane ikkje vert bundne opp til for mange årvisse tiltak som etter kvart reknar med ein viss sum frå fylkeskommunen. I tildelingsbreva til desse gjer vi merksame på at dette er prosjekttilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse.

Det er alltid ein del festivalar som søker støtte gjennom Ålmenne kulturformål. Det har vore ei stor auke i festivalar i fylket, noko som er fint, men det ligg ikkje midlar i fylkeskommunen til å støtte alle dei noverande. Festivalane er av ulik karakter – det spenner frå nokså lokale folkefestar til spissa kunstnarlege hendingar. Ein har vurdert graden av nyskaping, regional tilknytning og kvalitet. Fylkesrådmannen har vore restriktiv med å tilrå støtte til festivalane, spesielt når det gjeld festivalar som er nye søkjarar. Regional kulturplan vil ta opp dette temaet, og det må utarbeidast/vedtakast klarare kriteria for kva festivalar ein ønskjer å støtte.

I vedlegget har fylkesrådmannen gitt ein indikasjon på grunnen tildeling/avslag. Til dømes vil "ikkje rom" seie at dette er eit godt prosjekt ein gjerne skulle ha tilrådd, medan "ikkje prioritert" vil seie at ein formelt er innafor krava, men skårar noko lågt på enkelte vurderingskriteria. Elles er det viktig å ikkje ta kva

enkeltkommentar som ei fyldestgjerande forklaring/grunngeving for tilsegn/avslag, men som moment i den heilskaplege vurderinga opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle, samla søknadsbunke og tilgjengelege midlar.